

# SKAPELSE OG VITENSKAP

Innlegg i Kristkirken 08.01.2022 ved Jostein Kråkenes

## Innleiing

Det har alltid herska spenning mellom Bibelen og det vitenskaplege verdensbildet. Bibelen ser ut til å meine at universet og alt liv blei til i løpet av ei veke, medan vitenskapen hevdar at det tok milliarder av år. Det sekulære eller gudlause verdsbilde er heller ikkje utan spenning. Dersom Gud ikkje finst, er det ingen som har meint noko. Om ingen har meint noko, har livet inga meining utover det kvar einskild klarer å skape. Filosof og forfattar Aldous Huxley har sagt det slik: «*Life has two alternatives: I wanted the universe to be meaningless because I wanted to have total freedom, politically and sexually. But there is a price to pay... I had to choose, I could believe in judgement and then I would be crushed under a load of guilt all my life, or I could not believe in judgement, and then I had to live in existential despair*».

## Tre store spørsmål

- Verdaskapens opprinnelse
- Livets opprinnelse
- Artenes opprinnelse

Kva veit Peer Gynt om Henrik Ibsen? Svar: Så mykje som Ibsen har skreve seg inn i stykket. Kor mykje har Gud skreve seg inn i naturen og biologien? Ingenting, svarer ateisten. Nokså mykje, ville ein kristen svare.

Universets og livets opprinnelse har vekt hovudbry til alle tider, og engasjert fagfelt som geologi, arkeologi, astronomi, atomfysikk, matematikk, statistikk, biokjemi, molekylær biologi, cellebiologi, zoologi, historie, teologi, filosofi. Ingen kan påberope seg å kjenne den fulle sanninga. Likevel er det grunn til å drøfte slike spørsmål for å hjelpe unge menneske til å halde fast på si gudstru i møte med sekularismen som rår på høgskule og universitet. Bibelen slår fast at Gud er skapar, men seier svært lite om korleis skapelsen skjedde. Audmjuk haldning framfor skråsikkerhet skulle prege oss alle i møte med dei store spørsmåla i tilværet.

*Om nokon meiner at han har kunnskap om noko, så kjenner han det enno ikkje slik som han burde kjenna det, 1 Kor 8.2.*

## Om vitenskap

I Middelalderen var avgrensinga mellom teologi, filosofi og vitenskap uklar. Teologien hadde ei sterk stilling og filosofar og forskarar var opptekne av at forskinga måtte stemme med teologien. På 16-1700-talet var det sterke røyser som meinte at teologi og vitenskap burde skilje lag. Ved å fjerne Gud ville ein ta bort ein x-faktor som sto i vegen for sann vitenskap.

Naturvitenskap handlar om å utforske naturen ved hjelp av naturen, og då må ein halde seg til naturlege fenomen. Ettersom tida gjekk sneik det seg inn ein tanke om at vitenskap og gudstru utelukkar kvarandre.

I den vestlege verda er det vitenskapen som sit i førersetet og som trumfar teologien. Mange tenkjer at vitenskap er objektiv sanning, medan teologi og religion er subjektive idear. Det som er sant for deg, behøver ikkje vere sant for meg. Nokon vil til og med hevde at religion er for hjartet medan vitenskap er for hjernen.

## Respekt for vitenskap

Å framskaffe eit vitenskaplege resultat er ein omstendeleg prosess. Vitenskaplege arbeid blir nøye gjennomgått av ekspertar på området før det kjem på trykk i eit tidsskrift. Om det skulle sleppe gjennom, blir det sett på som eit førebels resultat inntil andre uavhengige forskargrupper kan bekrefte funnet. Nokon har sagt det slik: «Det er sant inntil nokon har tvilt det i stykker». På den måten er

vitenskap sjølkorrigerande. Falske hypoteser kan ikkje leve særleg lenge. Opp gjennom historia har til dømes oppfatningane om universet blitt revidert fleire gonger.

Korleis ville medisinsk behandling ha sett ut utan vitenskap?

Hippokrates som levde i antikken, er rekna som legevitenskapens far. Dei neste 2000 åra fram til den franske revolusjon, var det ingen medisinske framskritt. Einaste remediene dei hadde å hjelpe menneske med var diett, klyster, årelating og astrologi!

Moral: Ha respekt for vitenskapen!

## Naturen og Bibelen - Guds to bøker

Dei to bøkene ser ut til å sprike på fleire punkt. Dette har fleire årsaker:

- Bibelen har Gud som hovudtema, medan naturvitenskap handlar kun om naturen
- Bibelen har eit tidlaust språk mynta på menneske under alle forhold
- Bibelen har uklart skilje mellom billedspråk og historiske fakta

## Verdas opprinnelse

Sidan 1912 har det vore kjent at universet ekspanderer og at stjernene er på veg bort frå oss.

George Lemaitre som var prest og astronom, postulerte at sidan universet utvidar seg stadig, må det ha hatt ein start. I 1927 fekk startpunktet betegnelsen Big Bang. Aristoteles meinte at universet var evig, og Big Bang braut med den rådande oppfatninga. Lemaitre blei kritisert av sekulære forskarane fordi Big Bang peikte altfor sterkt mot ein skapelse.

Big Bang er i dag akseptert som gjeldande hypotese fordi det stemmer med observasjonar og målingar som er gjort. Big Bang blir også støtta av kristne forskarar, til dømes genetiker Francis Collins, matematikkprofessor John Lennox og fysikkprofessor Sverre Holm.

## Ung jord kreasjonisme (YEC)

Bestemt ut frå Bibelens genealogi er jorda ca 6000 år gammal. Dette synet har visstnok støtte hos 45% av amerikanarar. Vitenskapen derimot estimerer universets alder til ca. 13.8 mrd. år. Forfattaren av *Den innbilte konflikten* skriv: «I dagens ung-jord-kreasjonisme må mye vitenskap bortforklares». Som kirke må vi snakke ope om dette og gi rom for å stille vanskelege spørsmål.

## Intelligent design (ID)

ID er eit pseudovitenskapleg eller filosofisk standpunkt som prøver å forene vitenskap med skapertru. Både kristne og agnostikarar stiller seg bak dette synet, men det let seg ikkje underbygge med forskning. Ein overnaturlig intelligens lar seg ikkje utforske.

## Naturalisme, sekularisme, materialisme


Dei fleste sekulære vil slutte seg til Big Bang, men dei har inga forklaring på kva som eksisterte i forkant eller kva som utløyste det. Ein naturalist har dessutan problem med å forstå og forklare mange forhold i livet som til dømes bevisstheit, frie vilje, rett og galt mfl.

## Livets opprinnelse

Når eg ser naturprogram på TV, har eg ofte gremma meg over at livets opprinnelse og utvikling blir omtalt med den største selvfølge og med evolusjon som drivande kraft.

Då Darwin gav ut boka *Origin of Species* i 1859, var spørsmålet om livets opprinnelse lite debattert. Darwin lanserte ingen teori om dette, men det har mange av hans etterkommarar gjort gjennom såkalla ny-darwinisme. Dette er meir filosofi enn vitenskap.

På Darwins tid trudde ein at mikroorganismar kunne utvikle seg spontant dersom det var fuktighet og næring tilstades. Dette blei radikalt endra på 1930-talet då elektronmikroskopet kom og ein fekk innblikk i kompleksiteten i ei levande celle.



## Cellebiologi

Cellekjernen som er 5-30 my, lagrar ein datamengde på 3Tb. Den er omgitt av cytoplasma med ein celledemembran ytterst.

Membranen består av ei rekkje lipider med transportmolekyler inn og ut. I cytoplasma er det fleire livsviktige strukturer (organeller) som til dømes:

*Mitokodrier*

Cellens kraftverk. Her foregår nedbryting av glukose via fleire trinn driven fram av ulike enzymer (sitronsyresyklus). Endeproduktet er ADP som er cellens drivstoff.

### Ribosomer

Senter for proteinsyntese. Messenger-RNA hentar informasjon frå DNA og koder for proteinet som skal lagast.

Alle desse komplekse strukturar må ha utvikla seg parallelt og blitt ferdigstilte samtidig dersom liv skulle oppstå. Vitenskapen kan seie noko om når livet oppsto, men ikkje korleis.

## Artenes opprinnelse

Darwin sa ingenting om verdas opprinnelse og ingenting om livets opprinnelse, men sa følgjande om livets utvikling:

- Alt liv er beslekta.
- Naturlig utvalg fører til at det som er best egna, lever vidare.

Vidare sa han i siste setning i boka *Artenes opprinnelse*: «*Det er en storhet i denne anskuelse. At livet i all sin manifoldige prakt opprinnelig er innblåst av Skaperen*».

Då Bill Clinton forkynte nyheten om at kartlegginga av det humane genomet var fullført, sa han mellom anna: «*Today, we are learning the language in which God created life. We are gaining even more awe for the complexity, the beauty, the wonder of God's most divine and sacred gift*».

At livet utvikler seg og at det som er best egna lever vidare, er dei fleste forskarar samde om.

Eksempel: Covid 19-viruset har endra seg minst to gonger sidan det kom på banen, og omikron ser ut til å vere best egna til å leve vidare. Men det held seg innanfor arten, coronavirus (mikroevolusjon).

Korleis kan ei art utvikle seg til ei ny art (makroevolusjon)?

Det er ikkje rom for å ta opp dette her. Eg nøyer meg med å sitere Francis Collins: «*No serious biologist doubts the theory of evolution to explain the marvelous complexity and diversity of life*».

## Avslutning

1) Pierre Bezuchov i *Krig og fred* av Tolstoj reflekterer over livet:

«*Hva er godt og hva er dårlig? Hva skal man elske, og hva skal man hate? Hva skal man leve for? Hva er livet og hva er døden? Og hvilken kraft er det som driver det hele*», spurte Pierre seg selv, og han kunne ikke finne annet svar på disse spørsmål enn det ene: «*Du skal dø, og da får du enten vite alt, eller du holder opp å spørre!*»

2) Paulus brev til korinterne:

«*No ser vi i ein spegel, i ei gåte ...No skjønar eg stykkevis, men då skal eg skjøna fullt ut...*»